

Skroget som skulle til Uskedalen ligg framleis i fjøresteinane i Tyrkia. Dette er utsnitt av videosnutt utlagt av Kvinnheringen.

Skroget til Eidsvik sitt nybygg nummer 75 ligg framleis i fjøresteinane i Tyrkia.

Ein videosnutt utlagt av Kvinnheringen viser dramatiske bilete av skroget liggjande på grunn innanfor eit opprørt hav.

Slepet kom ut i eit fryktelege uover like etter at det starta og slepebåten måtte kutta slepet. Skroget hamna difor i fjøresteinane med store skadar.

Svein Arne Eidsvik opplyser at det framleis vert jobba med å få skroget av grunnen, men han veit ikkje når det kan skje. Det er i alle høve rederiet sitt ansvar.